

Avgjerder i komitemøte 23.4 hjå Tor:

1. Komiteen (Tore M, Leif og Tor) ser det som si oppgåve å syte for, og legge til rette for, at alt blir gjort, ikkje gjere alt i eigen regi.
2. Det vert planlagt for 150 personar inkl ca 35 ubetalande (kor, koner, gjester med koner)
3. Koner kjem gratis inn.
4. VIPPS-tilbod - for fyrste gong - har Tore M ordna.
5. Alle spør sine respektive om dei kan bake ei kake. Type gjærbakst, skuffekake. Ikkje noko som treng skei, gaffel. Melder til Leif på epost eller på oppsummering på øving 30. april. Aksept for at ikkje alle, av ulike grunnar, kan det. Komiteen tek det derifrå og gjer evt styrande grep om naudsynt.

På dagen:

1. Alle møter kl 18 for oppvarming og evt praktiske oppgåver: Konserten startar kl 19.00
2. Vi kjem tilbake til når 4 damer må møte (Billettsal, servering). Hugs instruksjon i VIPPS!
3. Dei som kan levere ei TV-kanne med varm kaffe gjer det. Dei som ikkje kan, let vere. TV-kanna kan gjerne merkast med namn, dersom han ikke er lett attkjenneleg.
4. Ein viss beredskap for supplerande koking frå kl 18. Litt avhengig av kor mykje kaffe vi da har + tilstrømming av folk.
5. Alle koristar må ta høgde for ei viss ryddetid i etterkant. Men den blir kortare enn vanleg fordi Sundvang skal vaske sjølv.

Andre einskildoppgåver framgår av oppgåveskjemaet vedlagt.

Tor formidlar det som gjeld andre på øvinga 23. april, slik at alle er klar over kva som er forventa av bidrag frå den einskilde.

Arbeidsoppgåver:	Ansvar	Når	Gjort
<u>På førehand:</u>			
Avklare program og songar	Komiteen	Februar	Ja
Øve inn programmet	Koret		Ja
Avtale om å kome i 17.mai programmet	Tore M		Ja
Leige Sundvang	Tore M	mars	Ja
Avklare med Revyfolket	Tor	Snarast råd	Ja
Reklame på nett	Geir	Når det er rett	Påbegynt
Lage plakat	Tor	23.4	Ja
Henge opp plakatar	Geir, Leif, Reidar, Tor	Etter avtale	
Førehandsomtale/pressemelding/lysing i VTB	Tore Skaug	Når det er rett	
Kaupe inn eingongs kaffekrus, asjettar, serviettar med 17. mai motiv, nokre glas	Tor	Mai	
Kaupe inn traktekaffe + filter, kaffefløyte, sukkerbitar, teposar, noko brus (husk utan sukker)?	Leif	Mai	
Blomar til Stan, Svein Dag, Gunnar evt Svetlana	Tore M	16.mai	
Koordinere kakelevering frå dei som kan bidra	Leif	23.4 med tilbake-melding 30.4	
Skrive allsangark	Tor	23.april	Ja
Trykke opp allsangark og plakat (i banken?)	Leif		
Lage og kopiere «vervepamflett»	Geir og Leif		
Vekslepengar	Tore		
<u>Til seminar 13. mai kl 10</u>			
Mat (Pølse brød/lompe/tilbehør/brus)	Jon, Hans Øyvind		
Koret syng gjennom Sønner av Norge	Tor	Seminardag	
Musikalsk leiing	Stan		
<u>På dagen (17. mai):</u>			
Rigge salen for tilhøyrarar og servering	Komiteen	Dette blir ikkje mye nå	
Pynte? Treng vi det? Td bjørkelauv/flagg	Tore M sjekker	Overtar fra 17. mai komiteen?	
Trabulantar utplassering på scena og tilbake til lager	Fyrstebassar	Ca kl 18	
Koke kaffe på TV-kanne	Alle som kan		
Billettsal ved inngangen	2 damer		
Noko praktisk tilrettelegging for revyinnslag?	Tor sjekkar		
Treng vi nokon på lyd/ljos?		Neppe. Svein Dag og Gunnar ordnar seg sjølv	
Konferansier	Tor		
Supplerande kaffekoking, tevatn+servering	2 damer		
1 søppelsekk	Leif		
VIPPS-plakat + prisplakat?	Tore/banken		
Rydde, etterpå	Koret		
Vasking	Sundvang		